

## «LutherJazz» - gamle salmar i ny musikalsk drakt!

31. oktober 2017 er det nøyaktig 500 år sidan Martin Luther slo opp dei 95 tesane på slottskyrkjedøra i Wittenberg. Dette reformasjonsjubileet vert feira over heile verda til neste år. Men Luther er kjend for mykje meir enn berre som reformator: Han både dikta og komponerte salmar, den mest kjende er «Vår Gud, han er så fast ein borg». I den nye salmeboka som kom i 2013, har Luther 7 salmar med både tekst og melodi, og 6 der han har sett tekst til andre sine melodiar – altså ein sær sars produktiv salmediktar og komponist.

Sjølv om fleire av desse salmane vert jamleg brukte, er det alltid behov for fornying av tradisjonen. Nye generasjonar har gjerne andre referansar, og lyt tileigna seg salmane på ein ny måte, for at tekstar og musikk skal tala til dei. Dette er nettopp visjonen og formålet med prosjektet: Å gje desse gamle tekstane og melodiane ei ny musikalsk drakt! Dette vil auka kjennskapen til Luther-salmane og gje ny interesse for dei. Gamal salmetradisjon og nye musikkuttrykk i «skjønn forening.»

I 2011 hadde me eit liknande prosjekt: (frå omtalen av prosjektet) «*Olav Arne Steinkopf, kantor, komponist og jazzmusikar har tonesett og arrangert utvalde tekstar av Trygve Bjerkrheim (1904-2001) i "jazz-stil" for kor, solistar og band. Musikken er variert og har eit spenn frå latin, swingjazz og funk til rolege vakre jazzballadar. Nokre songar er nykomponerte, medan andre er arrangement av tidlegare melodiar. Jazz og "bedehusmusikk" er nok ein uvanleg kombinasjon, men jazzen med sitt rytmiske driv, improvisasjon og vakre harmoniar, kler tekstane til Bjerkrheim på ein framifrå måte.*»

Med dette prosjektet friskt i minne har me i Samnanger kyrkjelyds prosjektkor no teke initiativ og utfordra Olav Arne Steinkopf til å kle Luther-salmar i ei liknande «jazzdrakt». Nokre av salme-tekstane vil få heilt nye melodiar i jazzstil, medan nokre av Luthers eigne salmetonar vil få heilt nye jazzarrangement.. Alt arrangert og praktisk tilrettelagt av Steinkopf for songsolistar, blanda kor og band. Stoffet vil verta utgjeve på forlag og vert såleis tilgjengeleg for kor over heile landet. Fleire av salmane er på begge målformene, dette vert tatt omsyn til ved utgjevinga.

Prosjektet vert regionalt, me kjem til å invitera korsongarar frå både Samnanger, Fusa, Vaksdal og Arna kyrkjelydar til eit stort felleskor, og det vert såleis et samarbeid som involverer 4 kommunar i Midthordalandsregionen. Me planlegg framføringar i kyrkjer dei nemnde stadane.

### Framdriftsplan m.m.

Olav Arne Steinkopf har hatt ulønna permisjon i januar 2017 for å arbeida med komponering, arrangering/tilrettelegging av salmane. Etter dette kjem no salmane til å verta gjeve ut på forlag. Innøving av stoffet i kora skjer i løpet av våren / hausten, med framføringar i oktober 2017.

Olav Arne Steinkopf er tilsett som kantor i Arna kyrkje. I tillegg er han aktiv som komponist, arrangør og freelance musiker innenfor flere genre. Han er utdannet kirkemusiker og konsertorganist fra Bergen musikkonservatorium og musikkhøgskolen i Oslo. I 2001 hadde han sin debutkonsert i Oslo domkirke. Han har også studert jazz-piano, instrumentering og reharmonisering ved Berklee college of music. I tillegg til BjerkrheimJazz har han bla skrevet fleire verk for barnekor som er utgitt på kirkesangforlaget. I 2010 fikk han en komponistpris for verket "Herren er min hyrding".

Av : Eilert Tøsse, kantor i Samnanger og prosjektanvarleg